ALVER
KOMMUNE

Arild Haukeland
Ikenberget 33a
5911 ALVERSUND

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar:<br>Vår: 22/6517 - 22/68669 | Linda Hammersvik Folkestad<br>linda.folkestad@alver.kommune.no | 12.09.2022 |

# Dispensasjon - avstandskrav til offentlig ledningsnett - gbnr 137/569 Alver

| | |
|---|---|
| **Tiltak:** | Dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett - mur |
| **Byggjestad:** | Ikenberget 33A og B – GBNR 137/569 |
| **Tiltakshavar:** | Arild Haukeland |
| **Ansvarleg søkjar:** | Arild Haukeland |

**Sakutgreiing:**
<u>Informasjon om saka:</u>
Da muren det er søkt om allereie er bygd har tiltakshavar utført målingar av avstand mellom mur og nærase del av VA-rør. Måling vart utført på 3 stader og viset på bileter i søknaden. Minste avstand er målt til 3,8 meter.







Avstander er vist på situasjonskart som ikkje er i målestokk.

<u>Vurdering/drøfting/konklusjon:</u>
Da minste avstand til kommunalt leidningsnett er målt til 3,8 meter finn Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning der forsvarleg å gje dispensasjon frå avstandskrav på vilkår.

**Vedtak:**

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning gir dispensasjon frå avstandskrav til offentleg leidningsnett på vilkår:

**Vilkår:**

- Minste avstand mellom ytterkant mur og næraste del av kommunalt leidningsnett skal være minimum 3,8 meter som omsøkt.

- Føresetnad for løyve er at det ligg føre byggeløyve etter plan og bygningslova.

- Mur skal være forsvarleg fundamentert slik at det ikkje er fare for utrasing av mur ved arbeid på kommunalteknisk anlegg (veg, leidningsnett og veglys).

- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert nærare kommunal veg enn byggegrense og avstandskrav til offentlege leidningar. Dersom det oppstår skade på tiltak er dette kommunen uvedkomande. Eigar av mur skal sjølv sørgje for og påkoste utbetring av eventuelle skader.

Heimel
Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Adm. bestemmelsen» og lokal forskrift om påslipp av olje- og fetthaldig avløpsvatn Alver, at kommunen sett krav til anlegg som er knytt på kommunalt avløpsnett. Føremål er å sikre at vegetabilsk og animalsk fett vert skilt ut i frå avløpsvatn, før dette vert ført ut på kommunen sitt avløpsnett.

Klage
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane om offentleg forvaltning (flv). Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket være nytta fullt ut, jf. fvl § 27 b.

Mynde
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**
Byggesak ved sakshandsamar

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arild Haukeland | Ikenberget 33a | 5911 | ALVERSUND |